

# Lokaliseringsanalyse – Vindafjord omsorgssenter

Samandrag av spørjeundersøking blant innbyggjarar og tilsette

Medverknad i arbeidet med nytt samlokalisert omsorgssenter

---

**Periode for undersøking:** 05.03.2026 – 17.03.2026

**Utarbeidd av:** Vindafjord kommune / konsulent Annbjørg Lunde

**Tema:** Lokalisering av nytt omsorgssenter

---

## **Innhald:**

Samandrag.....	side 3
Om spørjeundersøkinga.....	side 3
Svar på spørjeundersøkinga frå tilsette.....	side 5 - 13
Svar på spørjeundersøkinga frå innbyggjarar.....	side 14 - 20

## Samandrag

Spørjeundersøkinga viser i stor grad samsvar mellom vurderingane frå tilsette og innbyggjarar når det gjeld kva som er viktig ved lokalisering av nytt samlokalisert omsorgssenter. Begge gruppene vektlegg nærleik til sentrale tenester som heimeteneste, dagaktivitetstilbod, legesenter og legevakt, samt tilgang til gode uteområde og møteplassar. Tilsette legg i større grad vekt på servicefunksjonar, fysio-/ergoterapi og forhold som kan styrke arbeidsmiljø og rekruttering, medan innbyggjarane særleg framhevar dagaktivitetstilbod, kollektivtilgang og nærleik til funksjonar som ambulanse og handel.

Både tilsette og innbyggjarar vurderer at kvalitetane rundt omsorgssenteret vil vere viktige for trivsel og attraktivitet. Gode uteområde, natur og friluftsliv, universell utforming, tilgang til parkering og tilrettelagde møteplassar blir vurdert som sentrale faktorar. Det er også stor semje om at samarbeid med frivillige, lag og organisasjonar vil bli viktig i framtida, og at dette krev gode organisatoriske rammer, tilrettelagde fasilitetar og lett tilgjengelege uteområde. Når det gjeld kollektivtransport, viser undersøkinga at frekvens på avgangar og reisetid er avgjerande både for tilsette og besøkjande.

Undersøkinga viser vidare at fleirtalet både blant tilsette og innbyggjarar vurderer Ølen som den staden der det er lettast å etablere eit godt kollektivtilbod og eit attraktivt lokalsamfunn rundt nytt omsorgssenter. Eit klart fleirtal meiner også at Ølen er den beste plasseringa totalt sett for eit nytt samlokalisert omsorgssenter. Svara viser også at nærleik til samfunnskritiske funksjonar, moglegheit for fagleg utvikling, gode læringsmiljø og tilgang til frivillige ressursar blir vurdert som viktige omsyn i den vidare planlegginga av prosjektet.

## Om spørjeundersøkinga

Kommunen har vedtatt å samle alle dei mest resurskrevjande tenestene (institusjon) i èit samla bygg. Analyser viser at det kan gi både kvalitet og effektiv drift av tenestene. Det er også tilrådd å vurdere etablering av omsorgsbustader med heildøgns omsorg (HDO) i tilknytning til omsorgssenteret. Både institusjonsplassar og HDO vert rekna som heildøgnstenester.

Medverknad er eit sentralt prinsipp i arbeidet, også i tidleg fase når det gjeld val av lokalisering for nytt omsorgssenter. I desember 2025 vedtok kommunestyret å greie ut seks ulike alternativ: ombygging av Ølen omsorgssenter, ombygging av Vindafjordtunet (to alternativ), tomt ved Sjøperlo, Hundhammertomta og tomt aust for beredskapssenteret. Parallelt med medverknadsprosessen har det vore gjennomført tekniske vurderingar av dei seks alternativa, mellom anna knytt til grunnforhold, tomtestørrelse og bygningsmessig kvalitet for dei to eksisterande institusjonane.

I mars 2026 vedtok kommunestyret Helse- og omsorgsplan 2026–2036 med tilhøyrande handlingsplan, der eit vesentleg tiltak er å starte planlegging av nytt samla omsorgssenter (kapittel 5).

Kommunen har lagt vekt på open informasjon og dialog med både tilsette og innbyggjarar. Det har vore gjennomført fleire møter med leiarar, tillitsvalde, verneombod, samt informasjon til alle tilsette i dei aktuelle tenestene. Politiske organ og råd har også vore informert om prosjektet og framdriftsplan i arbeidet fram mot val av tomt. Rådet for eldre og personar med funksjonsnedsetting var positive til at administrasjonen samarbeidde med Vindafjord pensjonistforening om gjennomføring av eit ope informasjonsmøte. Møtet vart halde på Sjøperlo 5. mars 2026 og var eit ope møte for alle innbyggjarar. Det vart også oppmoda til å delta i spørjeundersøkinga.

Informasjon vart publisert på kommunen sine nettsider og i sosiale medium.

Spørjeundersøkinga var lagt ut digitalt, men innbyggjarar har også hatt høve til å svara analogt på papir på biblioteket.

Det er utfordrande å utforme ei undersøking som fullt ut fangar breidda i meiningane. Leiarar og tillitsvalde har derfor bidrege i utforming og testing av spørsmåla. Målet har vore å gjere undersøkinga enkel å svare på, samstundes som ein får fram grunngevingar for val av lokalisering. Hovudskiljet i svara går mellom lokalisering i Vats og Ølen, men det er også ulike syn på dei konkrete tomtealternativa i Ølen.

Spørjeundersøkinga starta med at dei 6 alternativa blei presentert med kart og skisser.


Svarprosenten blant tilsette er over 50 %, og 738 innbyggjarar har delteke i spørjeundersøkinga.

## Svaret på spørsmåla frå tilsette

Av om lag 200 tilsette som blei bedt om å svara har 118 svart. Det er svarprosent på over 50 %. Spørsmål og svar:

### 1. Alder


<span style="color: blue;">●</span> < 18	1
<span style="color: magenta;">●</span> 18 - 25	10
<span style="color: teal;">●</span> 26 - 35	22
<span style="color: purple;">●</span> 36 - 45	29
<span style="color: green;">●</span> 46 - 55	27
<span style="color: blue;">●</span> 55 - 67	27
<span style="color: brown;">●</span> > 67	2
<span style="color: green;">●</span> Ønskjer ikkje å svara på det	0



Av dei tilsette som har valt å svara på spørjeundersøkinga, er fordelinga mellom aldersgruppene jamt fordelt.


### 2. Kor jobbar du?

<span style="color: blue;">●</span> Ølen omsorgssenter (langtid)	16
<span style="color: magenta;">●</span> Ølen omsorgssenter (korttid)	13
<span style="color: teal;">●</span> Vindafjordtunet (demensomsorg)	29
<span style="color: purple;">●</span> Vindafjordtunet (Langtid)	14
<span style="color: green;">●</span> Heimetenesta ytre sone	10
<span style="color: blue;">●</span> Heimetenesta indre sone	18
<span style="color: brown;">●</span> Fysio/Ergoterapi	6
<span style="color: green;">●</span> Anna (kjøkken, dagsenter osv)	15
<span style="color: purple;">●</span> Natt Vindafjordtunet	8
<span style="color: yellow;">●</span> Natt Ølen omsorgssenter	2



Nokre få av tilsette jobbar fleire stader, derfor er talet høgare enn dei 118 som har svart.

<span style="color: blue;">●</span> Leiar (alle nivå)	13
<span style="color: magenta;">●</span> Sjukepleiar	31
<span style="color: teal;">●</span> Vernepleiar	3
<span style="color: purple;">●</span> Helsefagarbeidar	37
<span style="color: green;">●</span> Assistent	18
<span style="color: blue;">●</span> Anna	16




### 3. Stilling

Fordeling av yrkesgrupper som har svart er 32 % høgskuleutdanna, 35 % helsefagarbeidarar og 17 % assistentar.

#### 4. Kor bur du?

Ølen eller Ølensvåg	41
Vats eller Skjold	32
Sandeid, Vikedal eller Imsland	21
Bjoa eller Vikebygd	7
Tysvær	3
Haugesund	1
Etne	8
Andre plassar utanfor kommunen	5




Av dei tilsette som svarte var 34 % frå Ølen eller Ølensvåg, 27 % frå Vats eller Skjold og 17% frå Sandeid eller Vikedal.

5. Nytt omsorgssenter kan innehalde både institusjonsplassar og heildøgns omsorgsbustader. **I kva grad** er det viktig å ha desse funksjonane og velferdstenestene i nærleiken av nytt omsorgssenter når **brukaren bur i ein omsorgsbustad?** (Nytt omsorgssenter vil ha både frisør og fotpleie/hudpleie på huset).


● Svært viktig ● Litt viktig ● Ikkje viktig

Apotek	
Tannlege	
Frisør	
Fotpleie/hudpleie	
Daglegvarar	
Breitt utval av varar og tenester som bebuar kan ha behov for	
Legesenter og legevakt	
Ambulanse	
Heimeteneste	
Dagaktivitetstilbod	
Tilgang på tenester frå frivilligheita/frivillege organisasjonar	
Andre servicefunksjonar som vaktmeister, reinhald etc	
Tenestekontoret	
Fysio/Ergoterapi	



Tilsette meiner at nærleik til heimeteneste og dagaktivitetstilbod er viktigast for brukarar som bur i **omsorgsbustad**, og dernest legesenter og legevakt. Innbyggjarane har prioritert dei same tre øvst (side 15).

6. Nytt omsorgssenter kan innehalde både institusjonsplassar og heildøgns omsorgsbustader. I kva grad er det viktig å ha desse funksjonane og velferdstenestene i nærleiken av nytt omsorgssenter når **brukaren bur på ein institusjonsplass?** (Nytt omsorgssenter vil ha både frisør og fotpleie/hudpleie på huset).




Tilsette meiner at servicefunksjonar er viktigast å ha i nærleiken, i tillegg til fysio-/ergoterapi, dagaktivitetstilbod og fotpleie/hudpleie. Institusjonstilsette har særleg vektlagt frisør, tannlege og legesenter/legevakt. Innbyggjarane legg størst vekt på dagaktivitetstilbod, legesenter og legevakt samt ambulanse (side 16).

7. Samarbeid med frivillige, lag og organisasjonar vil vere viktig for å møte framtidens utfordringar. Kva forhold trur du vil vere viktige for å få frivillige til å bidra?

● Svært viktig ● Litt viktig ● Ikkje viktig

Kort reiseveg. Kan gå/sykle til omsorgssenteret  
 God nok kollektivdekning  
 Nærleik til cafe  
 Nærleik til breitt utvalg av handel  
 Nærleik til gode uteområder og møteplassar  
 Nærleik til ulike kulturtilbod  
 Tilgang på parkeringsplass  
 Godt organisert  
 tilrettelagte fasilitetar (lager, WC, opphaldsrom)




Både tilsette og innbyggjarar har vurdert følgjande som viktigast: **godt organisert, tilgang på parkeringsplass, tilrettelagte fasilitetar** og **nærleik til gode uteområde** (sjå også innbyggjarane sine tilsvarende svar side 17).

8. I kva grad er det viktig å ha eit miljø rundt omsorgssenter for brukarane? Alle uteområda og tilknytning til nytt omsorgssenter skal vere universelt utforma.

● Svært viktig ● Litt viktig ● Ikkje viktig

Utsikt til landskap/natur  
 Utsikt til sentrumsområde (handel, skuler etc)  
 Tilrettelagt for bruk av park/nærmiljøanlegg/sansehage  
 Moglegheit for skjerma uteområde (demensomsorg)  
 Kort avstand til tilrettelagt uteområde



Tilsette vektlegg **moglegheit for skjerma uteområde**, samt **kort avstand til og tilrettelegging for bruk av park, nærmiljøanlegg og sansehage**. Utsikt blir vurdert som mindre viktig. Dette samsvarar i stor grad med svara frå innbyggjarane (sjå side 17).


9. Kva lokasjon trur du er **best egna til å få eit godt miljø** rundt omsorgssenteret? Ranger frå 1-5.



Både tilsette og innbyggjarar har rangert alternativa i same rekkefølge (sjå side 18) med nytt senter aust for beredskapssenteret i Ølen øvst.

10. I kva grad er det viktig å ha eit **attraktivt lokalsamfunn i nærleiken** av nytt omsorgssenter for tilsette?

● Svært viktig ● Litt viktig ● Ikkje viktig




Tilsette har vurdert **gode uteområde og møteplassar, natur og friluftsliv, bustader** og **handel** som viktigast. Innbyggjarane har vurdert gode uteområde og møteplassar, leilegheiter med livsløpsstandard, natur og friluftsliv samt handel som viktigast. Dette samsvarar i stor grad (side 18).

11. Er det andre tilbod som bør vere i nærleiken?


Det kom få svar på spørsmålet. Følgjande blei nemnt: parkeringsplass, busstopp, stabilt og breitt kollektivtilbod, legekantor og lege. Nokre peikte også på at ein bør prioritere omsorgsbustader/private leilegheiter i Ølen, slik at fleire kan dra nytte av tilboda.

12. Kor kan me tilby det mest **attraktive lokalsamfunnet** (ut frå spørsmåla over) for dagens og nye tilsette?



Svara frå tilsette samsvarar i stor grad med svara frå innbyggjarane, der fordelinga av svar var 22 % Vats og 78 % Ølen (sjå side 19).

13. Me har høgskule i Haugesund og to vidaregåande skular i kommunen. Kor viktig er følgjande faktorar for at nytt omsorgssenter **skal lukkast med rekruttering** av lærlingar, studentar, praksisplassar og vikarar? 3 val er moglege




Tilsette har vurdert **moglegheit for fagleg utvikling/kompetanse, organisert opplegg for studentar/elevlar** samt **kollektivtilbod** og **omdømme** som det viktigaste for å lukkaste med rekruttering.

14. Dersom du kunne valgt ny arbeidsplass. **Kor ville du jobba?**



62 % av tilsette svarte ville valgt Ølen som arbeidsplass dersom dei kunne valgt på nytt. Det betyr at fleire tilsette ved Vindafjordtunet ynskjer Ølen framfor Vats som arbeidsstad.

15. Kor viktig er det å ha **samfunnskritiske funksjonar** som brann og beredskap og kriseleiing i nærleiken av nytt omsorgssenter?



**60 % av dei tilsette** har vurdert nærleiken til samfunnskritiske funksjonar på nivå 8-10. Av innbyggjarane er det 68% som har svart tilsvarende (sjå side 20).

16. Kor viktig er det for deg å ha **eit godt kollektivtilbod** til og frå jobb?




**34 %** av dei tilsette som svarte, har vurdert kollektivtilbod som **svært viktig/ viktig** (nivå 8–10), medan 37 % har vurdert det som lite viktig (nivå 1–3).

Innbyggjarane blei spurde om i kva grad det er viktig å kunne reise kollektivt til og frå besøk ved eit omsorgssenter (sjå side 19). Her svarte 58 % at dette var svært viktig/viktig (nivå 8–10).

17. Kva faktorar er viktigast for at du skal velje **kollektivtransport** som arbeidsreise? Kan velje opp til 3 val.


Reisetid	75
Pris	51
Frekvens på avgangar	72
Korte gangavstandar til stopp	34
Komfort / plass	11
Pålitelegheit (få forseinkingar)	28
Miljøomsyn	19
Anna	4



Tilsette har vurdert **reisetid**, **frekvens på avgangar** og **pris** som det viktigaste for å velje kollektivtransport som arbeidsreise. I tilsvarende spørsmål til innbyggjarane om å velje kollektivtransport til og frå besøk, er frekvens på avgangar vurdert som viktigast, dernext reisetid og kort gangavstand til stopp (side 20).

18. Kor tenkjer du det er lettaste å få til **eit godt nok kollektivtilbod** til og frå nytt omsorgssenter?


Vats	10
Ølen	105



**91 %** av dei tilsette vurderer Ølen som lettaste å få til eit godt nok kollektivtilbod som arbeidsreise. Tilsvarende spørsmål blant innbyggjarane svarte 80% Ølen, 13% Vats og 7% anna alternativ (side 20).

19. Alt i alt, kva tenkjer du er den **beste plasseringa** på nytt samlokalisert Vindafjord omsorgssenter?


Ølen	84
Vats	34




71 % av dei tilsette vurderer Ølen som den beste plassering av nytt

samløkalisert omsorgssenter. Tilsvarende spørsmål blant innbyggjarane svarte 76 % at Ølen er den beste plasseringa (sjå også side 20).

Det er **59%** av dei som har **Vindafjordtunet som arbeidsstad** som meiner at Vats er den beste plasseringa:



Dei ulike yrkesgruppene har fordelt svara slik:




# Svar på spørsmåla frå innbyggjarar

738 innbyggjarar har svart på spørjeundersøkinga.

## 1. Alder


< 18	9
18 - 25	20
26 - 35	69
36 - 45	130
46 - 55	138
55 - 67	165
> 67	203
Ønskjer ikkje å svare på det	4



50 % av innbyggjarane som har svart er over 55 år.

## 2. Kor bur du?

Ølen eller Ølensvåg	392
Vats eller Skjold	156
Sandeid, Vikedal eller Imsland	116
Bjoa eller Vikebygd	47
Tysvær	1
Haugesund	4
Etne	13
Andre plassar utanfor kommunen	8
Anna	1




53 % av innbyggjarane som har svart, er frå Ølen eller Ølensvåg. Her er ei oversikt over fordelinga av kor dei som har svart, er busette. I høgre kolonne er det ei samanlikning med fordelinga av innbyggjarane i heile kommunen:

	Fordeling av svar i undersøkinga:	Til samanlikning fordeling i heile kommunen:
Ølen, Ølensvåg	53 %	38 %
Vats, Skjold	21 %	29 %
Sandeid, Vikedal, Imsland	16 %	23 %
Bjoa, Vikebygd	6 %	10 %
Nabokommunar	2 %	
Andre	1 %	


3. Nytt omsorgssenter kan innehalde både institusjonsplassar og heildøgns omsorgsbustader. I **kva grad** er det viktig å ha desse funksjonane og velferdstenestene i nærleiken av nytt omsorgssenter når **brukaren bur i ein omsorgsbustad**? Nytt omsorgssenter vil ha både frisør og fotpleie/hudpleie på huset.

● Svært viktig   ● Litt viktig   ● Ikkje viktig



Innbyggjarane meiner at nærleik til **heimeteneste** og **dagaktivitetstilbod** er viktigast for brukarar som bur i omsorgsbustad, og dernest legesenter og legevakt. Tilsette har prioritert dei same tre øvst (side 6).

4. Nytt omsorgssenter kan innehalde både institusjonsplassar og heildøgns omsorgsbustader. I kva grad er det viktig å ha desse funksjonane og velferdstenestene i nærleiken av nytt omsorgssenter når **brukaren bur på ein institusjonsplass?** (Nytt omsorgssenter vil ha både frisør og fotpleie/hudpleie på huset).




Innbyggjarane meiner at **dagaktivitetstilbod, legesenter og legevakt** samt **ambulanse** er viktigast å ha i nærleiken for brukarar som bur i institusjon.

Tilsette meiner at servicefunksjonar er viktigast å ha i nærleiken, i tillegg til fysio-/ergoterapi, dagaktivitetstilbod og fotpleie/hudpleie. Tilsette som kun jobbar i institusjon har særleg vektlagt frisør, tannlege og legesenter/legevakt (side 7).

5. Samarbeid med **frivillige, lag og organisasjonar** vil vere viktig for å møte framtidens utfordringar. Kva forhold trur du vil vere viktige for å få frivillige til å bidra?

● Svært viktig ● Litt viktig ● Ikkje viktig

Kort reiseveg. Kan gå/sykle til omsorgssenteret  
 God nok kollektivdekning  
 Nærleik til cafe  
 Nærleik til breitt utvalg av handel  
 Nærleik til gode uteområder og møteplassar  
 Nærleik til ulike kulturtilbod  
 Tilgang på parkeringsplass  
 Godt organisert  
 tilrettelagte fasilitetar (lager, WC, opphaldsrom)




Både innbyggjarar og tilsette har vurdert følgjande som viktigast for at frivillige skal kunne bidra: **godt organisert, tilgang på parkeringsplass, tilrettelagte fasilitetar og nærleik til gode uteområde** (side 8).

6. I kva grad er det viktig å ha eit miljø rundt omsorgssenter som du og bebuarar har glede av som besøkjande og pårørande?

● Svært viktig ● Litt viktig ● Ikkje viktig

Utsikt til landskap/natur  
 Utsikt til sentrumsområde (handel, skuler etc)  
 Tilrettelagt for bruk av park/nærmiljøanlegg/sansehage  
 Moglegheit for skjerma uteområde (demensomsorg)  
 Tilgang på parkeringsplass  
 Kort avstand til tilrettelagt uteområde



Innbyggjarane vektlegg tilgang til **parkeringsplass, moglegheit for skjerma uteområde**, samt **tilrettelegging for bruk av park, nærmiljøanlegg og sansehage** og **kort avstand til uteområde**. Utsikt blir vurdert som mindre viktig. Dette samsvarar i stor grad med svara frå innbyggjarane (side 8).


7. Kva lokasjon trur du er best egna til å få eit godt miljø rundt omsorgssenteret? Ranger frå 1-5.



Både tilsette og innbyggjarar har rangert alternativa i same rekkefølge med nytt senter aust for beredskapssenteret i Ølen øvst (sjå side 9).

8. I kva grad er det viktig å ha eit **attraktivt lokalsamfunn** i nærleiken?

● Svært viktig ● Litt viktig ● Ikkje viktig



Innbyggjarane har vurdert **gode uteområde og møteplassar, leiligheter med livsløpsstandard, natur og friluftsliv og handel** som viktigast å ha i nærleiken for eit attraktivt lokalsamfunn. Tilsette har vurdert gode uteområde og møteplassar, natur og friluftsliv, leilegheiter med livsløpsstandard samt bustader og handel som viktigast. Dette samsvarar i stor grad (side 9).

9. Er det andre tilbod som bør vere i nærleiken?


Det kom få svar på spørsmålet. Følgjande blei nemnt: møteplasser, buss, lett vintilgang uteområder, beredskap brann og redning, vinmonopol.

10. Kor kan me tilby det mest **attraktive lokalsamfunnet** for dagens og nye tilsette?




Svara frå innbyggjarar samsvarar i stor grad med svara frå tilsette, der fordelinga av svar var 25 % Vats og 75 % Ølen (side 10).

11. Kor viktig er det å ha samfunnskritiske funksjonar som brann og beredskap og kriseleing i nærleiken av nytt omsorgssenter?




**68 % av innbyggjarane** har vurdert nærleiken til samfunnskritiske funksjonar på nivå 8-10. Av tilsette er det 60 % som har svart tilsvarande (sjå side 10).

12. Kor viktig er det å kunne reise **kollektivt** til og frå besøk?



**58 %** av innbyggjarane som svarte, har vurdert kollektivtilbod som **svært viktig/viktig** (nivå 8–10), medan 17 % har vurdert det som lite viktig (nivå 1–3). Tilsette blei spurde om i kva grad det er viktig å kunne reise kollektivt til og frå arbeid. Her svarte 34 % at dette var svært viktig/viktig (nivå 8–10).

13. Kva faktorar er viktigast for at du skal velje **kollektivtransport** når du skal på besøk på nytt omsorgssenter? Kan velje opp til 3 val.



Innbyggjarane har vurdert **frekvens på avgangar**, **reisetid** og **kort gangavstand til stopp** som det viktigaste for å velje kollektivtransport når ein skal på besøk i nytt omsorgssenter. I tilsvarande spørsmål til tilsette om å velje kollektivtransport som arbeidsreis, er reisetid, frekvens på avgangar og pris vurdert som viktigast (side 12).

14. Kor tenkjer du det er **lettast å få til eit godt nok kollektivtilbod** til og frå nytt omsorgssenter?



80 % av innbyggjarane vurderer Ølen som den staden der det er lettast å få til eit godt nok kollektivtilbod. I tilsvarande spørsmål blant tilsette svarte 91 % at Ølen er lettast å få til (side 12).

15. Alt i alt, kva tenkjer du er den beste plasseringa på nytt samlokalisert Vindafjord omsorgssenter?



76 % av dei innbyggjarane som svarte vurderer Ølen som den beste plasseringa av nytt samlokalisert omsorgssenter. Tilsvarande spørsmål blant tilsette svarte 71 % at Ølen er den beste plasseringa (sjå side 12).